


SAMNANGER

AREAL: 269 km²
FOLKETAL: 2396


PÅ RAUD GRUNN
SEKS GULL DROPAR
SOM LAGAR
EIN SIRKEL

Våpenet er godkjent ved
kgl. res. 17.4.1990,
og er teikna av
Even Jarl Skoglund.
Kommunen har
nedbørsrekorden
i Hordaland.
Også vasskraft er ein
viktig ressurs for
kommunen og dropane
kan symbolisera at
vatnet er gull verd.

SAMNANGER sokn, har
uendra grenser heilt frå
mellomalderen til i dag.
Dette soknet hørde tidlegare til
Os prestegjeld og kommune, den
gamle Framnes skippreide. Det kommunale sjølvstendet for
sokna kom alt i 1907, medan samningane måtte venta til
1949 og 1950 før dei fekk eigen sokneprest og lensmann.
Samnanger hørde til anten Os skippreide eller til Os
tinglag av Lyseklostergodset (før 1857).
Kommunen vart skilt ut som eige tinglag i 1908. □



Hardingfele laga av Johannes Bårdson Tveit.



TVEITAFELA

JOHANNES BÅRDSON TVEIT (1786-1847) på garden Tveit i Samnanger var meister for dei kjende tveitafelene eller samningafelene som dei også vert kalla. Felene er høgmælte og klare i tonen, og dei gjekk for å vera mellom dei beste og mest forseggjorde i si tid. Einskilde feler er enno i privat eiga, men elles er tveitafela å sjå både på Historisk Museum i Bergen og på Hardanger folkemuseum.

Johannes var svært nøye på arbeidet og kva vyrke han nytta. Det vert fortalt at han helst leita seg ut emneved attmed ein foss, og når emna var godt turre, banka han på trestykke for å høyra om det var rette klangen i dei. Han brukte gjerne svartolder til botn og fure til lok, medan felegjorda vart laga av hatl.

KNUT HANSSON MYRLAND (1851-1946) kjøpte formene og verktøyet etter Johannes og laga mange gode feler.



Felekasse til Tveitafela, truleg måla av
Annanias Tveit frå Os (@240).
Kassen har årstalet 1873.

INDUSTRISTADEN TYSSE

Alt i 1862 tok SVEIN L. RØSSELAND til med landhandel og gjestgjevarstad på Ytre Tysse, og seinare var han også dampskipsekspeditor og den første postopnaren i Samnanger. Men den store omveltinga kom då F. MATTHIESSEN i 1886 sette i drift A/S SAMNANGER ULDVAREFABRIK. Frå ein varsam start med 25 tilsette vart fabrikkens bygd ut slik at talet på arbeidarar var tidobla ved århundreskiftet og kom på det meste opp i om lag 400 nokre år seinare. Tilflyttinga var stor, og på to-tre tiår vart Tysse forvandla frå fredelig bondeland til ein tett pakka bygdeby med bustader, butikkar, handverkarar, kafear og overmattingsplassar i tillegg til sjølve fabrikkens. Men natta til 6. mars 1931 brann ullvarefabrikken ned til grunnen. Først i 1941 kom det ny verksemd på branntuften. Samnanger Fabrikker vart Noregs største spesialfabrikk i strømpar under namnet A/S SAFA. I 1960-åra kom talet på tilsette opp i 240, men rasjonalisering har ført til at det i 1990-åra er skore ned til om lag 70 tilsette.

Tysse er i dag først og fremst kommunesenter med kommunal administrasjon og ungdomsskule.

